

NORSK-ESTISK KULTURNYTT

Tidsskrift for Estlands-interesserte, utgitt av
Norsk-estisk kulturlag.



Teikninga er ein kommentar frå den estiske teiknaren Hugo Hiibus til påstanden om at den russiske minoriteten ikkje blir korrekt behandla. Teksten i bobla: "Uuhuu-uu! Hjelp! Vi blir diskriminerte! Uuu!"

VESTLEG PRESSE HJELPER KGB


Heile verda heldt pusten og følgde utviklinga med stor sympati då Estland, Latvia og Litauen for om lag fem år sidan begynte å frigjere seg frå banda til Moskva.

No er situasjonen ein heilt annan. Dei same tre landa blir skulda for å vera nasjonalistiske fanatikarar som undertrykkjer minoritetane og krenkjer menneskerettane på det grovaste. I den samanhengen har det hatt lite å seia at den eine internasjonale kommisjonen etter den andre har granska skuldningane og funne at dei er grunnlause.

Dei tre statane er utsette for ein formidabel propagandakrig som er iverksett av Russland og GKB. Den begynte då frigjeringsprosessen kom i gang, og er blitt meir intens etter kvart. Trass i den formelle godkjenninga av dei tre statane 1991, har det i praksis vore vanskeleg for russarane å akseptera baltisk suverenitet. Eit utslag av dette er den sterke uviljen mot tilbaketrekking av dei russiske militære styrkane. Det heiter at dei trengst for å verna om dei russiske minoritetane.

INNHALD

BOKGÅVER TIL ESTISKE BIBLIOTEK.....	2
ESTLANDS NASJONALDAG.....	3
HEIMLY FOLKEHØGSKOLE.....	4
FOLKEHØGSKOLEELEVENE HAR ORDET.....	4
OMORGANISERING I TRONDHEIM.....	5
LEVANGER.....	5
"ROGALANDSDAGANE".....	6
KULTURLAGET.....	6
BIRISTRAND.....	6
KURS I ESTLAND.....	7
TARTU NORRA SELTS.....	7
SAMISKE KULTURDAGER I TARTU.....	7
SPENNING I NORD.....	8
ESTISK ORDBOK.....	8
REISEHANDBOK.....	8
MARIE UNDER.....	9
HILVE REBANE: SOLENS SØSTER.....	9
MARIE UNDER: TO DIKT.....	11
VISUM.....	12
GRENSEOVERVAKING.....	12
UTANRIKSTENESTE.....	12
SPRÅKSPALTA.....	15
BALTISK BAKGRUNN.....	16
NY ROMAN.....	16
IBSENS FØDSELS DAG.....	16
BALTI EKSPRESS.....	16
NORDISK BALTIKUMPROGRAM.....	18
VEDTEKTER FOR NORSK-ESTISK KULTURLAG.....	20
ADRESSELISTA.....	22



BOKGÅVER TIL ESTISKE BIBLIOTEK

I september 1987 vart det arrangert ei utstilling med norske bøker på eit bibliotek i Tallinn. Mesteparten var gaver frå Kulturlaget som heile tida har frakta bokmat til leselystne og kultursvultne estarar. Andre har sidan slutta seg til dette arbeidet og me får ofte spørsmål om kva slag bøker som trengst og kvar dei kan sendast.

Christoffer Kahrs har vore pådrivar i denne saka, og Kulturlaget har hatt drøftingar med kulturminister **Paul-Erik Rummo** og departementskonsulent i bibliotekssaker, **Tiiu Valm**.

Alle står fritt til å gi bøker til kven dei vil, men det kan vera fornuftig å konsentrera seg om visse bibliotek som folk veit å finna fram til. Slike bibliotek er Universitetsbiblioteket i Tartu og tre bibliotek i Tallinn: Vitskapsakademiet, Nasjonalbiblioteket og Sentralbiblioteket. Spør Kulturlaget etter **Bibliotekslista**, så får du adresser, telefonnummer, namn på kontaktpersonar og oversyn over spesialfelt (litteratur, matematikk, medisin osv. for kvart av desse biblioteka.

Eit allment råd er at du ikkje sender i veg rubb og rake berre fordi noko heiter bok. Det bør vera kurante ting som kan vera til nytte eller glede.

På andre sida skal du ikkje vera altfor redd heller og tru at ei bok er uleseleg i Estland fordi ho er på norsk. Det er utruleg mange estarar etter kvart som kan anten norsk eller eit anna nordisk språk. Og den som kjenner faget, kan lesa utruleg bra med små språkkunnskapar.

Svært viktig er det med ymse slag oppslagsverk — ordbøker o.l. Fagtidsskrifta må ikkje gløymast. Skjønnlitteratur trengst så folk kan halda oppe og utvida kunnskapane sine.

Du kan ta med deg nokre bøker i kofferten når du reiser til Estland, eller du kan organisera innsamling og fylla ein trailer. Spør etter **Bibliotekslista**!

ESTLANDS NASJONALDAG

Estlands nasjonaldag ble behørig feiret rundt omkring i verden. De største arrangementene i Norge som vi har fått melding om, var på Steinkjer i Stavanger og i Oslo. Her gjengir vi den talen **Rita Sormul** holdt i Universitetets Aula 24.2.93 der hun introduserte Drøbak Trekkspillklubb. Andre talere var medlem av Estlands nasjonalfor-samling, **Ivar Raig**, og stortings-president **Jo Benkow**. Til det kunstneriske bidrog også tenoren **Vello Jürna** og pianisten **Kjell Bækkelund**. Arrangementet ble sikkert ledet av **Tiiu Anderson**.

Kjære stortingspresident, kjære estiske venner, mine damer og herrer!

Først og fremst: Gratulerer med dagen! 75 år er gått siden Estland for første gang ble selvstendig stat.

På vegne av Drøbak Trekkspillklubb takker jeg for den ære det er å kunne delta på denne måte i Estlands nasjonaldagsfeiring.

For oss betyr Estland noe helt spesielt. Helt siden noen få av oss for første gang i 1989 besøkte Türi, har vi blitt kjent med mennesker som har vist oss en gjestfrihet og hjertevarme som vi aldri vil glemme. Sterke vennskapsbånd er etablert, og det som startet med musikk - ja, det har fått fantastiske ringvirkninger. Det må jeg få lov til å si, med all respekt for alt som gjøres rundt omkring ellers i landet, for jeg vet at svært mange steder er det stor aktivitet og masse mennesker er i sving for å bistå Estland i en vanskelig tid.

I vår nabokommune Ski startet det med et privat initiativ fra vår kjære tidligere skolesjef Ivar Otto Iversen, og har utviklet seg til stor aktivitet som blant annet omfatter vennskapsavtale med Viimsi nær Tallinn.

Likevel må jeg nevne Frogn kommune spesielt. For selv om vi i trekkspillklubben først knyttet de personlige vennskapskontaktene, har Frogn's kommuneadministra-

sjon og folkevalgte ført vårt arbeid videre - fra å undertegne vennskapsavtaler og besøke Türi ved flere anledninger til å ta imot guttekor, dansegrupper, grupper med helsepersonell, musikk-skole osv osv. Vi i vår klubb har selvfølgelig også hatt besøk.

Til sommeren får Drøbak besøk av 10 litt sosialt vanskeligstilte ungdommer som kommer hit på sommerleir - et prøveprosjekt man satser på å utvide for hvert år. Fra Drøbak reiser ungdommer på musikk-skolesommerleir. For det skal ikke stikkes under en stol: Esternes musikk-lærere er av svært høy kvalitet.

En idé de arbeider med i disse dager er samarbeid med de andre vennskapskommunene i Sverige og Danmark. Frogn sa til dem: "Burde vi ikke fordele oppgavene mellom oss?" Det er de faktisk i gang med nå - en måte å arbeide på som vil gi Estland flott støtte, og de respektive kommuner kan gjøre en sterk innsats på sine såkalte spesielfelter. De av dere her i salen som har de rette posisjoner, må kopiere den idéen! Frogn viser med sine arbeidsmåter at det går an. Det går an å få til en hel masse uten for lange og byråkratiske beslutningsprosesser.

I vår klubb er vi ikke høykulturelle på det musikalske felt. Vi setter høyest den sosiale trivselen vi har, og vårt engasjement i og for Estland har knyttet oss enda nærmere hverandre, føler vi.

Vi har i dag valgt musikk som vi vet våre venner i Estland har blitt glade av. Og å være glad på en nasjonaldag, det er vi nordmenn så heldige at vi har kunnet være i mange år. Nå gleder vi oss også på deres store dag. Så vi spiller med våre nære venner i Estland i tankene om duggfriske blomster slik det var da vi var der og kunne spre spilleglede i vakre sommerkvelder, litt 3/4-dels takt hører jo trekkspillet til, og som nordmenn liker vi nasjonaldagsfeiring med marsj, og avslutter her med én.

Med ønske om gode år framover for landet og folket. Kjære Estland og estere, takk for varmen og gjestfriheten. Gratulerer med dagen!

Rita Sormul

HEIMLY FOLKEHØGSKOLE

Rektor **Kjell Øvereng** har sendt interessant stoff som på ein fin måte illustrerer ringverknadene kring det folkehøgskuleprosjektet som Kulturlaget har engasjert seg i dei siste åra. Det er blitt skuletur, turnear, kulturkveldar og kunstutstillingar.

Skuleturen gjekk i oktober, først med buss den lange vegen frå Finnsnes via Kilpisjärvi til Helsingfors og vidare med ferja over til Estland. To tidlegare elevar frå Estland stod for guidinga både i Tallinn og Tartu. Reiserapporten sluttar slik: "Turen ga meirsmak. Kontakter er etablert. Vi kommer tilbake."

Pille Tammela som 1991-92 var elev ved skulen, vart utpeika som månadens kunstnar i Midt-Troms Kunstforening i august i fjor. Både ho og den andre fjorårseleven, **Ave Reiman**, var saman med ti meir kjende estiske kunstnarar representerte på ei kunstutstilling i februar; den var blitt til etter initiativ frå **Terje Ytterstad** i Harstad Kunstforening.

I bunken av materiale frå rektor Øvereng vel me å gjengi referatet frå ein kulturkveld på skulen. Det kan inspirera andre til noko liknande.

I forbindelse med grafikkutstillinga i februar ønsket vi å sette søkelyset på Estland ved å lage en kulturkveld.

En sann venn av Estland og det estiske folk, forfatteren og redaktøren **Hans Kristian Eriksen** fra Senja, tente straks på idéen og bidro sterkt til programinnholdet. Våre to estiske elever **Margit Suga** og **Kärt Kaljaspolik** var også med og ga innhold til kvelden. Kärt spilte estisk musikk på sin kantele — folkemusikk og nykomponert estisk musikk. Margit leste tekster av **Ellen Niit** og **Doris Kareva**. Tekstene av Ellen Niit var gjendiktet av Hans Kr. Eriksen spesielt til denne kvelden. Noen av tekstene ble lest på begge språk.

En bildemontasje over grafikk av **Kaljo Põllu** med tilhørende tekster av **Jaana Kaplinski** fra boka *Barn av vind og vatn* ga et sterkt inntrykk av forsøk på å søke tilbake til ei fjern fellesnordisk fortid.

Siste del av programmet var viet et lysbildekåseri der Hans Kr. Eriksen tok oss

med på en tur han gjorde til Estland i 1989. Det var akkurat i den tida folket i de baltiske statene begynte å snakke høyt om friheten de ønsket. I Litauen var det urolig, og estlenderne var redde at prosessen skulle komme ut av kontroll. Vi ble tatt med på et møte med forfatterekteparet Ellen Niit og **Jaana Kross**, vi fikk sterke inntrykk fra hovedstaden Tallinn og fra øya Hiiumaa der det bodde et fiskerfolk som ikke hadde lov til å ha båt.

Kvelden var bra besøkt til tross for sterk vind og vedvarende snøfall. Fra Malangssentret hadde vi besøk av hele elevflokket der det også er to estiske elever — **Piret Purdelo** og **Toomas Pääsuke**.

Kjell Øvereng

FOLKEHØGSKOLE- ELEVENE HAR ORDET

Kulturlaget forsøker å holde kontakt med flest mulig av de estiske folkehøgskoleelevene. Her gjengir vi et par brev som eksemplere på hva ungdommene er opptatt av. Det første er skrevet i vinter av Liana Jurtsenko ved Kvås Folkehøgskole i Vest-Agder, som ikke tar noen sjanser når det gjelder vårt kunnskapsnivå; og det andre er et travelt notat fra Madis Orav ved Fana Folkehøgskule i Bergen.

JEG HETER LIANA

og kommer fra Estland. I mitt hjemland har jeg studert barnepsykologi i tre år. Jeg er medlem av Kristelig Folkeparti som inviterte meg til Norge. Nå går jeg på Kvås Folkehøgskole som er en kristen skole på Sørlandet. Vi har 8 forskjellige linjer, og jeg går på form/farge/tekstil. Jeg liker å male og tegne. Først hadde jeg problemer med språket, men nå går det mye bedre. Elevene og lærerne er godt folk. Jeg har vært på forskjellige turer, og jeg liker norsk natur. Jeg synes at dette er et bra år for meg.

Jeg vil fortelle litt om mitt hjemland også.

Estland er et baltisk land som ligger sør for Finland. I vest har vi Østersjøen. Det er et lite land med 1,65 millioner innbyggere. Hovedstaden er Tallinn, men de største og eldste byene er Tartu og Pärnu.

Estland er et kristent land. Vi har

mange kirker for lutheranere, ortodokse og babtister.

I Estland snakker vi estisk og bruker det latinske alfabetet. Det estiske språket befinner seg i den finsk-estiske språkgruppa.

Vi feirer nasjonaldag den 24. februar. Vi markerer slutten på første verdenskrig da Estland ble et fritt land for første gang. Men i 1940 kom de sovjet-russiske okkupasjentene. I femti år var Estland styrt av kommunister. Vi kunne ikke bruke nasjonalsangen vår, nasjonalflagget osv. Det var en vanskelig periode for mitt land. Fra 1991 er vi igjen et fritt land. Vi skal bli et demokratisk land, men vi må lære mange ting fra andre land.

Vi har nå vår egen valuta - estiske kroner, og vi har ny president - Lennart Meri. Men alt går ikke så bra. De største problemene er økonomien og jordbruket m.m. Men jeg håper det blir bedre snart.

Jeg ønsker alt godt til folk fra Norsk-estisk kulturlag og til alle folk jeg har truffet i Norge.

Hilsen Liana


Kjære Turid!

Mange takk for brevet. Det var hyggelig å høre fra deg igjen. Men jeg beklager at jeg ikke har svart før. Det var ikke på grunn av meg at jeg ikke har skrevet noe. Jeg var nemlig på skoletur til Øst-Europa, og den begynte den 22. mars. Etter skoleturen hadde jeg påskeferie og jeg var i Trondheim hos Egil Bakka.

Jeg har hatt det veldig travelt i de siste dagene fordi skolen snart er slutt, og jeg har masse å gjøre før jeg skal reise tilbake til Estland. Jeg må lage en fotoutstilling, ta opp filmen min på videokassetter og mange andre ting.

Ønsker deg en riktig god kommende sommer.

Med de beste hilsener, Madis Orav



OMORGANISERING I TRONDHEIM

I Baltikumkomiteén i Trondheim var det heilt frå starten av størst interesse for Estland. Dette har no medlemmane teke konsekvensen av og omorganisert seg til **Estlandslaget i Trondheim**. Ei av målsetjingane for laget er å fremja kulturell utveksling mellom Noreg og Estland.

På årsmøtet 21. april vart **Triinu Wiiburg** attvald til leiar. Styret fekk elles denne samansetjinga: **Kåre Mjåseth**, nestleiar og økonomiansvarleg, **Kristine Grav**, sekretær, **Gunnvor Aas**, arrangementsansvarleg, **Liv Hatle**, pressekontakt.

Trondheim har i det siste hatt mykje utveksling med Estland. I tida 1.-4. april deltok to estiske kor i det store studentsongarstemnet. Det var ungdomskoret **Noorus** frå Tallinn og eit kvinneleg studentkor frå Tartu.

I månadsskiftet mars/april reiste 45 elevar og 2 lærarar ved Trondheim Katedralskole på ei vekes tur til Estland der dei m.a. vitja venskapskolen sin, skole nr. 20 i Tallinn.

Liv Hatle, Trondheim

LEVANGER

Samarbeidet mellom den pedagogiske høgskulen i Tallinn og lærarhøgskulen på Levanger held fram. Som ein del av lærarutvekslinga var fire lærarar frå Tallinn ei veke på Levanger og i Trondheim i mars. Det var **Piret Multer**, **Tiina Selke**, **Viive Ruus** og **Mait Arvisto**.

Estarane fekk ei innføring i organisering og metodar i samband med lærarutdanninga i Noreg, dei møtte norske kollegaer og dei føreles for dei norske elevane. Det vart også avtalt ei forlenging av den gamle samarbeidsavtalen mellom dei to lærestaltane.

I mai er amanuensien **Leif Ramfjell** invitert til ein musikk-konferanse i Tallinn, også dette som ein del av utvekslinga, opplyser **Asbjørn Folkvord** frå Levanger.

"ROGALANDSDAGANE"

Aktiviteten i Rogaland er heile tida stor, og **Estlandsforeningen i Rogaland** har heile tida spennende prosjekt i gang.

"Rogalandadagane" i Tallinn i september er ei stor kulturell satsing. Fylkeskommunen har løyvd 300.000 kroner, og støtte kjem også frå andre. I begynnelsen av mars var det viktige drøftingar i Tallinn om opplegget. Frå Rogaland møtte fylkeskultursjef **Roald Håland**, leiar for fylkeskulturstyret **Toralf Eskedal**, sekretær hos fylkeskultursjefen, **Kari Bommen** og leiaren for estlandsforeninga, **Willy Jensen**.

Den estiske samarbeidspartnaren er **Eesti-Norra Selts** (Estisk-Norsk Foreining) med leiaren **Jaak Kangilaski**, rektor på Kunsthøgskulen i Tallinn.

Eit hovudprosjekt no i vår har elles vore utplasseringa av 14 **estiske praktikanter** i verksemdar rundt omkring i Stavanger og omlandet. Nordisk Ministerråd står bak opplegget, og på lokalplanet blir det realisert av Estlandsforeningen i samarbeid med Rogaland Næringsråd.

Opphaldet skal vara i åtte veker. Dei fjorten ungdommane lærer om norske samfunnsforhold, dei lærer litt norsk, og dei får ei innføring i demokrati. Rapportar frå Stavanger fortel at alt går strålende!!

KULTURLAGET

Norsk-estisk kulturlag har lagt fram årsmelding og rekneskap sidan sist. Nye medlemmer har kome til, sjølv om auken ikkje var like stor som i det dramatiske året 1991.

Noko av det viktigaste 1992 har vore skogprosjektet på Saaremaa og folkehøgskuleprosjektet. Begge har begge fått støtte frå utanriksdepartementet.

Med glede registrerer me den menneskelege solidariteten som er ein sentral eigenskap hos medlemmene og støttespelarane våre. I ein vanskeleg periode for laget kom det inn kr. 17.000 som gåver til Norsk-estisk Studiehjelp; det var pengar som kom estiske ungdommar til gode. Det er fantastisk! Og i arbeidet med å finna norske kontaktar for estiske barnefamiljar og pensjonistar, har også Kulturlaget møtt stor velvilje.

Slikt gir framtidsvon for dei humane og kulturelle verdiane som i våre dagar er så sterkt truga av kyniske mammon-fundamentalistar.

BIRISTRAND

Kulturnytt har også tidlegare kunna fortelja om stor aktivitet i området Lillehammer-Gjøvik. **Steinar Bergseng** og **Ove Skundberg** står i sentrum av hendingane, og førstemnde rapporterer m.a.:


På den internasjonale sjakkturneringa på Gjøvik i påska var det estiske deltakarar som fekk hjelp til opphaldet o.a. av lokale estlandsvenner. Dei unge spelarane frå Estland gjorde det godt i turneringa.

Berit Bergseng har som lærar og spesialpedagog fått i gang brevbytte m.m. mellom elevane på Biristrand skole og ein skule i Törva. I tillegg har ho teke initiativ til ei solidaritetsgudsteneste for Estland i Biri kyrkje 1. mai.

I samarbeid med avdelingsbibliotekar **Rannveig Petersen** på Gjøvik planlegg Berit Bergseng biblioteksamarbeid med Estland. Ei stor bokgåve vil bli sendt frå Gjøvik i slutten av juni.

Ove Skundberg har alt vore i Estland med tre **hjelpesendingar** i år. I tilknytning til Hjelpekomitéen er det også etablert ei eiga landbruksgruppe. To trailer-lass med **landbruksreidskapar** er sendt til Paide-distriktet. Sjukehuset i Viljandi har fått **medisinar**, senger osv. **Mat og klede** er leverte til kyrkjelydar i Tallinn til utdeling der det trengst.

Og sjølv har Steinar Bergseng gjennom LO fått høve til å delta i eit interessant prosjekt knytta til **fagrørsla** i Estland.



KURS I ESTLAND

Kulturlaget samarbeidde i fjor med **Tuglas-seura** i Finland om internasjonale kurs i Tartu. Det var med fleire deltakarar frå Noreg. **Gro Eikenes** frå Drammen hadde så stor glede av kurset at ho kunne tenkja seg å reisa på nytt, men ho ville aller helst til Pärnu som har spesielle kontaktar med Drammen og Buskerud.

Estisk språk, historie og samfunnsforhold er hovudsaka, men ikkje mindre viktig er det at ein treffer interessante menneske på kurset og i andre samanhengar. Av rapporten frå **Reidar Utseth** i Trondheim plukkar me følgjande:

Det var bortimot hundre deltakere på kurset. Det var godt lagt opp med innfødte lærere og gruppeundervisning der vi var fordelt etter kunnskapsnivå.

Å kunne litt finsk for en tar fatt på å lære estisk, er en fordel, for mange ord er like i de to språkene. Ja, en kan nesten kunne finnene i så måte. Ta f.eks. det finske ordet for trøtt: *väsnynt*. På estisk heter det *väsitud*, altså samme ordet enda om formen er litt ulik. Et annet eksempel er *valmis*: ferdig, som er helt likt. Ellers kan det være to ord for samme sak, by heter *kaupunki* på finsk og *linn* på estisk, det samme som vi har i navnet *Tallinn*.

Et par utflukter ble arrangert, og det var en god avveksling i språkstudiene. Den ene gikk med båt ut på Peipus. Den andre var lengre, til byen Haapsalu, som ligger ved Østersjen, nordvest i landet. Det var en hyggelig by med trebebyggelse, og vår utmerkede guide, den unge språkmektige Jack Reuter, bidrog til å gjøre stedet levende. Han viste seg å være amerikaner som underviste på byens høgre skole. Samtidig undersøkte han en samisk dialekt i Finland for å finne ut germansk påvirkning.

Reidar Utseth, Trondheim

TARTU NORRA SELTS

held dampen. Iveren etter å lære norsk er framleis stor. I tillegg til alle gruppene som starta i haust, har **Henzo Sonn** og **Natasja Prihodko** i vårsemesteret undervist kvar si nye gruppe med om lag 20 deltakarar i kvar.

Lektor **Oddvar Støme** vart på årsmøtet vald til ny leiar for laget, og han har mange jern i ilden. Dei drivande kreftene er elles studentane som mellom anna redigerer medlemsbladet. Det har fleire sider og er meir stoff for kvar gong.

Enno Kross og andre representantar for legeseksjonen hadde i mars høve til å treffa **Willy Jensen**, leiaren for Estlandsforeningen i Rogaland, då han vitja Tallinn. Begge partar går inn for å utvikla eit fagleg samarbeid innan helsesektoren.

Marju Sarv: SAMISKE KULTURDAGER I TARTU

Dagene 17.-20. mars arrangerte Finsk institutt samiske kulturdager i Tartu. Emner både fra historie og litteratur ble presentert av samamer fra Finland.

Veli-Pekka Lehtola, som underviser i samisk litteratur ved universitetet i Uleåborg, tok blant annet opp samenes problemer i dagens situasjon. Filmkritikeren **Jorma Lehtola** kommenterte dokumentarfilmer om samenes liv og forhold, og behandlet også spillefilmen *Veiviseren* som ble laget i Norge og vakte internasjonal oppmerksomhet.

Samisk historie fra samisk synsvinkel har professor **Samuel Aikio** i Helsingfors gjort publikum kjent med i ei lærebok i historie som nylig ble utgitt.

De fleste samiske forfatterne i Finland kommer fra Tanadalen og har gått på Outakoski skole. Derfra kommer også religionshistorikeren og presten **Nilla Outakoski** som hadde interessante kommentarer til forelesningene. Han tok for to år siden doktorgraden ved Helsingfors universitet på samiske trosforestillinger i Læstadius' prekenar.

I universitetets aula kunne en høre ekte samisk joik framført av **Niiles-Joavna Aikio**. Han er reinsame og godt innsatt i joiketradisjonen. Han opptre med joik på den første plata til det norske ensemblet **Tanabreddens ungdom**.

Som tolk og assistent fungerte amerikaneren **Jack Reuter** som nå bor og arbeider i Haapsalu. Han har studert finsk og samisk ved universitetet i Helsingfors og holder nå på med ei ordbok over det finsk-

ugriske språket mordvisk. Han er en av de få som er i stand til å oversette direkte mellom nordsamisk og estisk. Tre andre er i stand til det samme: japaneren **Hiroshi Shoji Riho Grünthal** i Finland og **Kaljo Käärik** i Sverige.

Finsk institutt i Tartu gjorde et prisverdige arbeid ved å presentere den samiske delen av Finlands kultur. Forhåpentligvis får vi også flere muligheter til utdyping av kunnskapene, og hvorfor ikke da den samiske kulturen i Sverige og spesielt i Norge der det jo er flest samer og der samisk kultur hittil har fått mest støtte og møtt størst anerkjennelse.

Oversatt (og forkortet) av Jostein Langmyr

SPENNING I NORD

Under overskrifta "Folket i nord er herda." fortel avisa *Õhtuleht* 6.3.93 først generelt om samane, dei språklege slektingane til estarane. Etterpå følgjer den dramatiske historia til **Niillas Sombi**, korleis han prøvde å sprengja ei bru i samband med Alta-utbygginga og korleis han flykta til indianarane i Kanada.

Rahva Hüäl har på si side i april hatt små spennande føljetongar om Quisling og om Werna Gerhardsen.

"Nasjonalisme på norsk" er temaet for ein artikkel av **Mart Siimer** i avisa *Eesti Ekspress* 30.4.93. Han var stipendiat på Musikkhøgskulen i Oslo i åtte månader. Først og fremst er det flagga som fell i augene, tykkjer han, men han er så uroleg av andre årsaker også at han finn grunn til å átvara landsmennene sine mot den norske måten som jamvel kunne føra til at estarane finn på å seia nei til den europeiske unionen.

Noreg har alltid vore eit eksotisk land for estarane. Dersom me las alt det estiske aviser skriv om landet vårt, ville det blitt eksotisk for oss også.

ESTISK ORDBOK

Mange har merka behovet for ei ordbok mellom norsk og estisk. Styret i Kulturlaget har vore svært oppteke av at me måtte få eit slikt hjelpemiddel, og **Evi Hiob** og **Turid Farbregd** berjra for eit par år sidan å arbeida med dei konkrete planane om utar-

beiding av manuskriptet til ei ordbok som skulle innehalda både ein norsk-estisk og ein estisk-norsk del.

Det norske utanriksdepartementet har no løyvd pengar til dette prosjektet og Kulturnytt vonar å koma tilbake med opplysningar om framdrifta.

REISEHANDBOK

Thomas Maess - Brigitte von Engelhardt: *Express Reisehandbuch., Estland.* Omtalt av **Tuire Raitio**.

Det tyske forlaget **Mundo** har med felles tysk-estisk innsats utgitt en reiseguide for Estland.

Boka begynner med en mer enn 200 siders redegjørelse for Estlands geografi, historie, økonomi, samfunnsforhold og politiske liv. De til sammen 18 artiklene blir på en utmerket måte utfylt med like mange "faktakasser". En av disse gir Estlands historie i årstall, en annen er et sammendrag av Estlands grunnlover i ulike perioder og en tredje er et utdrag av Jaan Kross: *Keisarens galning*. (Denne romanen er forfatterens mest kjente og er også utgitt på norsk).

Alle artikkelforfatterne tilhører toppen innen estisk kulturliv. F.eks. skriver nåværende miljøminister **Andres Tarand** om miljøproblemene. Et eget kapittel er også viet den skjebnesvangre **Molotov-Ribbentrop pakt** — de to "djevlenes overenskomst".

Turistmålene blir gjennomgått fylkesvis. Etter en allmenn innledning følger en alfabetisk oversikt over severdighetene. Presentasjonene er korte og skjematisk, eks.: "Padise er blitt kjent for sine ruiner. Klosteret i Padise ble bygget på 1300-tallet. Bare lite er bevart av de gamle bygningene. I nærheten ligger den gamle estiske borgen "Vana linnamägi".

Ved hjelp av denne boka kan en godt planlegge estlandsreisen hjemme i lenestolen, men når en virkelig befinner seg på stedet, vil en ønske mer utførlig materiale.

Håndboka ble utgitt i 1992, og derav følger at en praktiske vink om priser, mat og drikke, transport og butikker for en stor del er foreldet.

Oversatt av Roar B. Lilleeng.

MARIE UNDER

Lesarane har reagert svært positivt på det litterære stoffet Kulturnytt har hatt i det siste. Vi følgjer derfor opp med omtale av lyrikaren **Marie Under** som skal ha vore på nippen til å få Nobelprisen i 1970-åra.

Marie Under og forfattereektemannen **Artur Adson** (1889- 1977) flykta til Sverige i 1944 der dei buddé resten av livet. Siste heimen deira i Tallinn vart overteken av forfattere **Friedebert Tuglas** (1886-1971), og etter hans død vart huset påbygt og gjort til eit museum som bar namnet hans. No skal det synast rettvis mot alle, og huset er omdøypd til **Under-Tuglas-litteratursenter**.

Bygningen er i dårleg stand og treng hardt til ein reparasjon, men Vitskapsakademiet i Tallinn som er formell eigar, har ikkje midlar å investera. Vona er at frivillige gæver skal finansiera arbeidet som er kostnadsrekna til ca. 100.000 estiske kroner.

Den estiske litteraturforskeren **Hilve Rebane** har skriva ein kort introduksjon til Marie Under. Vi trykkjer også eit par gjendiktningar, den første frå samlinga *Sonettar* 1917, og den andre frå *I grenseland* 1963.

Hilve Rebane:

Solens søster, havets brud.

110 år siden Marie Under ble født.

Det er bare få mennesker forunt å bli født til stor dikter. Kritikerne anerkjenner Marie Under som den betydeligste lyrikeren Estland hittil har fostret, og muligens er hun Nordens største kvinnelige poet.

Født i Tallinn 27. mars 1883 og død som flykting i Stockholm 25. september 1980 levde Marie Under med i sitt folks oppgangs- og lidelsestider som en dikter av det 20. århundre. Sin første poesi skrev hun på tysk i begynnelsen av århundret da hun var elev ved den tyske pikeskolen; den

viser sterkest påvirkning fra tysk tradisjon med klassikerne Goethe og Schiller.

I en ny tid og under innflytelse fra Estlands kulturpersoner ble hun en estisk lyriker hvis produksjon regnes som hittil uovertruffen på dette språket. Derfor er hun også ofte oversatt — blant annet til tysk, russisk, engelsk, fransk, finsk; i Stockholm ble samlingen *Vigilia* utgitt 1963. Hun viser åndelig slektskap med lyrikeren Rainer Maria Rilke, filosofen Mahatma Gandhi og hans ikkevolds-etikk; seinere, i 1950-årene, kommer også humanisten Albert Schweitzer inn i hennes verden.

Som en lyriker med debut i første dekkennium av vårt århundre, er Marie Under naturlig nok tradisjonell. Hun forerrekker enderim og bunden form som lar musikalitet og billedrikdom komme til sin rett. Nytt i estisk lyrikk var hennes livsglade erotikk som sto i motsetning både til gammel moraloppfatning og til en livserfaring som omfattet samtidens revolusjoner samt en verdenskrig. Marie Under hyllet kjærligheten som livets (gjen)skapende begynnelse, men også som en lutret livsens ild og en overgivende glede.

Av blondeskummet og fortryllelsen i blomstrende hager og blå terrasser i ungdommens sonetter oppstår en panteistisk paradises hage der menneskebarnet kan oppleve jordisk lykke og skjønnhetstrangens oppfyllelse til tross for avskjedssmerter, sorg og død. Selv døden er en hvit stillhet — en liten hvit port midt i ren hvit snø. I livets kulminasjon slår en seg til ro med dette som livets naturlige forsettelse.

Der diktningen har tilknytning til hennes egen tid, gjenspeiler den tragiske temaer og menneskelivets dramatiske motsetninger, medregnet skjebner knust av krig og industrilandskapenes urbaniserte elendighet. Tematikken føres videre og utvides i den melankolske diktningen fra 1940-årene.

Som lyriker søkte Marie Under sannheten gjennom skjønnhet. I sine lyriske høydepunkter fra 1930-årene trodde hun at den var å finne i gleden over tilværelsen, i harmonien med natur og medmennesker. Symbolsk er selvfølelsen i hennes dikterego som solens søster, havets brud. Den livgivende solen symboliserer altet, og havet er evigheten. Tilsammen utgjør de det til alle tider uopnåelige. Menneskets eksistensielle tragedie er evig: "det er likevel trist, / at døden er den som får/ både dette hjertet / og med det alle songane/ som enno

Norsk-estisk kulturnytt

er utan ord. " Forbindelsen med jorden danner et bånd til forgjengerne, og evighetsfølelsen er sterk i alderdommens lyrikk fra grenseland: "Noko viktig ventar — dauden har eg att."

Det mest fullendte i Marie Unders produksjon er balladene fra samlingen *Lykkeformørkelse* (1929). Utgående fra motiver og etikk i estisk folkediktning når hun her fram til en syntese av universiell tidløshet.

Marie Under trodde at lyrikkens vei kunne lede til stjernene og opphøye mennesket som ved den realiserer sine store og vakre idealer.

Den samme formfullendthet som kjennetegner Marie Unders ballader, finner vi også i hennes lyriske oversettelser, først og fremst i Henrik Ibsens *Peer Gynt* (1938).

Oversatt av Jørgen Sorlie-Hansen



Marie Under:

I syrenernas tid

Nu är min körsbärsträdgård, nu är hela parken
ett enda hav av ljusa blommors mjuka ull,
av lilafärgade syrener full;
en syndafloed av vällukt sköljer marken.

Ack, träd, må dina blommor fylla arken!
Ge mig din hela doft av ljus och mull!
Jag vakat länge för min längtans skull,
och så jag trånat har, att jag nu varken

vill veta livets mening eller göra frågor. —
för eftertanke finnes hösten till,
den nyktra vintern må allt fåfängt härja.

Till livets ära höjer jag min värja.
Mitt blod som körsbärsknopp slår ut i lågor,
mitt yra hjärta ensamt råda vill.

Gjendikta av Ivar Grünthal

Det fall ei stjerne

Skamlaust ny den gamle månen står —
mens alt eg hadde — ja, alle ting forgår!

Åh, du min tapte by, min tapte by —
til deg eg søker, ver du alltid min på ny.

Finst her ein plass, og kvar er vegen lagd
for den som med det umulige har ei pakt?

Er allting myte, skugge — billeg jugl?
Då song i strupen min ein fager fugl

Og no fall ei stjerne, hjartet brenn som eld
Kva finst her meir for meg enn mold og kveld?

Famling utan feste? Nei, ikkje berre natt.
Noko viktig ventar — dauden har eg att

Gjendikta av Turid Farbrege

VISUM

Mange har tykt det var greit å skaffa seg visum på grensa, anten på flyplassen eller i hamna i Tallinn. Prisen på eit slikt straksvisum er no blitt tredobla og kostar frå 1. juli 30 dollar i hamna i Tallinn. Det blir dessutan berre utskrive til statsborgarar frå vestlege land. Årsaka er at Estland må ha betre kontroll over grensene sine.

Utanriksministrene **Trivimi Velliste** frå Estland og **Niels Helveg Petersen** frå Danmark skreiv i København 19. april under ein avtale om oppheving av visumtvangen mellom dei to landa. Statsborgarar frå det eine landet skal utan visum kunna opphalda seg opp til tre månader i det andre landet. Danmark er det einaste landet i Norden som har slik avtale med Estland.

GRENSEOVERVAKING

Estland overvaker no 25 grensepunkt døgret rundt. Av desse er 10 hamner, 5 flyplassar, 4 grensestasjonar på jernvegen og 6 på landevegen. Første kvartal 1993 passerte 2.541.666 personar grensene. 7.941 vart bortviste ved grensa, 117 forfalska pass o.a. vart oppdaga. Tollarane la beslag på varer for EKK 750.000.

UTANRIKSTENESTE

Estland har to gonger erklært seg sjølvstendig: i 1918 og i 1991. Ein del av problema for den unge nasjonen har vore dei same begge gongene. Mellom anna har ei av dei viktige oppgåvene vore å byggja opp ei utanriksteneste.

Forretningsmannen **Richard Bjercke** i Oslo vart utpeikt til generalkonsul i 1920 og vart formelt aldri løyst frå dette vervet av dei estiske styresmaktene. Han kunne på den måten oppfatast som generalkonsul fram til han døydde i 1966. For tenestene sine mottok Bjercke 24.2.1928 Estlands orden Pro Patria Kommandør med stjerne.

Kulturnytt møtte sonen, den vitale og sjarmerande **Alf R. Bjercke**, som fortalde korleis estisk representasjon var ordna i mellomkrigstida. Konsulatet hadde kontor i Skippergata 29, 2. etasje. I tillegg til Oslo var det estiske æreskonsular i Halden, Haugesund, Bergen, Trondheim, Tromsø og Vadsø.



Alf R. Bjercke

Etter at Sovjet hadde okkupert Estland, kom russarane til Bjerckes privathus i Drammensveien 111 og ville overta det; dei hadde ikkje forstått at ein æreskonsul finansierer heile konsulverksemda med eigne midlar. Ofte har konsultitlane nesten gått i arv frå far til son. Konsulane er medlemmer i **Corps Consulaire** som mellom anna hjelper til med å finna passelege konsullemne når det trengst.

På grunn av at eit æreskonsulat kan medføra store utgifter, har dei som tek på seg ei slik oppgåve, vanlegvis vore velstående forretningsmenn. Det har nok skapt problem for estarane sjølve at ikkje alle utnemningane som dei gjorde i hurten og sturten 1991 har vore like vellykka.

Ettersom Kulturnytt har medlemmer og lesarar over heile landet, vil me her oppfordra folk til å samla og senda inn opplysningar om konsulatverksemda og i det heile om norsk-estiske kontaktar i mellomkrigstida.

HVA SKJER?

Det finner du ut om du leser **Norsk-estisk kulturnytt**. Tidsskriftet kommer ut med ca. fem nummer per år. Abonnementetsprisen for 1993 er kr 100.

Andre tilbud, som også kan bli en fin presang til dine venner:

Same hav i oss alle, dikt av Jaan Kaplinski, gjendiktet av Turid Farbrege. 183 s. Gyldendal, 1988. Belønnet med Bastianprisen. kr 100,-

Varulven og andre estlandske eventyr, innbundet, 112 s. Norsk Barneblads Forlag, 1982. Illustrert av Vive Tolli. kr 30,-

Dyade nr. 6, 1987. Temahefte om Estland og estisk kultur. 72 s. kr 30,-

Barn av vind og vatn. Repr. av Kaljo Põllu, tekster av Jaan Kaplinski. 44 s. kr 50,-

Tallinn bykart med register, buss- og trikkeruter. kr 30,-

Estonia, 109 s. Tallinn 1992. Illustrert og med engelsk tekst. Innføring i språk, kultur, religion, historie, befolkning, sosiale forhold, politisk system, økonomi osv.: kr 30,-

English-Estonian Dictionary, 440 s. Tallinn 1988. kr 100,-

Estonian-English Dictionary (Saagpakk) Den største eksisterende ordbok over estisk språk. 1180 s. kr 400,-

Send bestillingen til Norsk-estisk kulturlag, Harbitzalléen 24, 0275 Oslo.

Jeg bestiller herved:	Abonnement på Kulturnytt for 1993	kr 100,-
.....stk Same hav i oss alle	å kr 100	tilsammen kr.....
.....stk Varulven	å kr 30	tilsammen kr.....
.....stk Dyade 6, 1987	å kr 30	tilsammen kr.....
.....stk Barn av vind og vatn	å kr 50	tilsammen kr.....
.....stk English-Estonian Dictionary	å kr 100	tilsammen kr.....
.....stk Estonia	å kr 30	tilsammen kr.....
.....stk Tallinn bykart	å kr 30	tilsammen kr.....
	+ porto	kr.....
	Totalt	kr.....

Navn (tydelig):.....

Adresse:.....

Poststed:.....

Dato og underskrift:.....

PAVEBESØK

Pave Johannes Paulus II kjem 10. september til Estland etter invitasjon frå president Lennart Meri.

Den romersk-katolske kyrkja i Estland har om lag 3.000 medlemmer. I samband med besøket er det planar om ei stor messe i Tallinn.

KONGEBESØK?

Då kong Harald og dronning Sonja i mars i år vitja Finland, nytta redaktøren for Kulturnytt høvet og spurde om dei kom til å vitja Estland også med det første, for estarane vil nok gjerne visa dei landet sitt. Det hadde kongeparet ikkje noko imot, men utanriksdepartementet sit med ei lang liste over land dei skal til, og der blir det avgjort kva tid Estland kan koma på programmet, forklarte den høgvorde dronninga.

Dåverande utanriksminister Torvald Stoltenberg var med i følgjet og kunne opplysa at i samsvar med reglane skal kongeparet først vitja slektningane og dei nordiske landa, og det ville ta bortimot halvtanna år før Estland kunne bli aktuelt, men han lova å notera seg det estiske ønsket.

ESTLANDS FORSVAR

Estlands forsvarsminister, Hain Rebas, besøkte Norge i slutten av april der han besøkte å få støtte til oppbyggingen av det estiske forsvaret. Ifølge Rebas er det 2.000 mann i de regulære styrkene, 6.000 i verneforbundet (svarer til heimevernet) og 2.000 grensevakter. Nye rekrutter blir i år tatt inn fire ganger, til sammen 4.200 mann.

Nasjonalforsamlingen utpekte 4.5.1993 mot en stemme Aleksander Einseln til øverstkommanderende for Estlands militære styrker. Einseln er estisk-amerikansk oberst som kjempet både i Korea-krigen og Vietnam-krigen. Han har vært pensjonert siden 1985. USAs utenriksdepartement har ikke vist noen begeistring for utnevnelsen. Einseln har både amerikansk og estisk statsborgerskap og risikerer rettslig forfølgelse hvis han som USAs statsborger begynner å lede et annet lands militærvesen.

Inntil nylig disponerte den estiske hæren bare over 250 gevær, så det kan bli litt

av en overgang for supermaktens veteran å tilpasse seg de karrige forholdene. Han står dessuten i fare for å miste pensjonen fra USA.


Nærværet av russiske militære styrker blir stadig sett på som det største problemet. Det fins fortsatt 7.000 russere i uniform på estisk jord.

Aftenposten 29.4.93, *Rahva Hää* 23.4.93.

VALG I LATVIA

Latvia holder 5.-6. juni sine første helt frie valg på over 50 år. Det skal velges 100 representanter til nasjonalforsamlingen. Presidentvalget går for seg samtidig. Estland holdt sine valg i september 1992 og Litauen først valg til nasjonalforsamling høsten 1992 og siden presidentvalg i februar i år.

Ved valget i Latvia er det satt en terskel ved 4%, noe som tvinger herskaren av små partier til å gå sammen i større forbund om de ønsker å få noen representasjon



Språkspalta

Praktisk estisk

Her kjem det fleire viktige estiske ord. Vil du lære estisk er det berre å skrive av og henge opp på gule lappar på do. Ikkje gje opp før du kan dei utanat! Sist tok vi opp talorda, no tar vi dei to-tre første ordenstala:

<i>esimene</i>	første	<i>neljas</i>	fjerde
<i>teine</i>	andre	<i>viies</i>	femte
<i>kolmas</i>	tredje	<i>kuues</i>	sjette

Med hjelp av dei kjem vi langt inn i veka også: 'Veke' er *nädal* på estisk (estiarane har eit russisk lånord, mens finnane har lånt frå svensk og seier *viikko*). Her kjem vekedagane, frå og med måndag:

<i>esmaspäev</i>	<i>reede</i>
<i>teisipäev</i>	<i>laupäev</i>
<i>kolmapäev</i>	<i>pühapäev</i>
<i>neljapäev</i>	

Dette ser jo avskrekkande ut, men det er eit system i kaoset. Først av alt: *päev* betyr 'dag'. Deretter kan de samanlikne dei første vekedagane med ordenstala. Når det gjeld siste halvpart av veka er *reede* sjølvsagt lånord frå germansk, og laugardagen dukkar opp i forkorta form i *laupäev*. Til slutt har vi *pühapäev*, der *püha* betyr 'heilag'. Dei som har vore borti islandsk (eller russisk) veit at det ikkje berre er estiarar som har eit matematisk forhold til dagane sine. Om dei er så mykje kristnare enn oss skandinavar og finnar at dei av den grunn har forkasta Odin, Tor og Frøya, skal vi ikkje spekulere over her.

Til slutt eit par nyttige helsingfraser: Når estiar møtes seier den første *Tere!*, og den andre svarer med *Tere!* eller *Tere-tere!* 'Hei!'. 'Velkomen' er *Tere tulemast*, og *Nägemiseni!* er 'På gjensyn!'

Upraktisk estisk

Tema for den upraktiske språkspalta denne gang er spesielt vald ut til glede for alle norskfilologar, for dei som har gått på gymnas eller vidaregåande skole, og for alle som har lagt merke til at det går an å

høyre skilnaden på ein austlending og ein trønder. Trønderane seier *kast*, *værra*, der austlendingane seier *kaste*, *vara*. Det vi skal snakke om er apokope ('apokop!'), og konklusjonen vi skal fram til er at estisk er ein trøndersk dialekt (eller omvendt).

Når estiarane seier *Tallinn* seier finnane *Tallinna* (eig. *Tanskan linna*, danskeborgen). Slike par er det fleire av:

finsk	estisk	tyding
<i>käsi</i>	<i>käsi</i>	'hand'
<i>tuli</i>	<i>tuli</i>	eld
<i>jalka</i>	<i>jalg</i>	'fot'
<i>linna</i>	<i>linn</i>	'by'
<i>piimä</i>	<i>piim</i>	fi. 'surmjølk', est. 'mjølk'
<i>tuuli</i>	<i>tuul</i>	'vind'

Og så kjem nummerets pinsenøtt: Korfor oppfører desse orda seg forskjellig? Korfor er det slik at mens alle dei finske orda sluttar på vokal er det berre to av dei estiske orda som sluttar på vokal?

Svaret finn vi i Trøndelag. No later vi som om norrønt er finsk, og trøndersk er estisk:

norrønt (= "finsk")	trøndersk (= "estisk")
<i>vera</i>	<i>værra</i>
<i>koma</i>	<i>komma</i>
<i>kasta</i>	<i>kast</i>
<i>halda</i>	<i>hald</i>
<i>leika</i>	<i>leik</i>
<i>lika</i>	<i>lik</i>

Dei to første trønderske verba har halde på den norrøne endinga, mens dei fire siste har mista ho. Det spesielle med orda utan apokope er at dei hadde kort rotstaving i gammalnorsk, dvs. ein kort vokal og ein kort konsonant (VK): *vera*, *koma* (som i *Vägä*-dialekten i dag), mens orda med apokope hadde lang rotstaving (VVK: *leika*, *lika* eller VKK: *kasta*). Nøyaktig på same måten er det med finsk/estisk og: *tuli* men *piimä*, *linna*. Dermed har vi konklusjonen klar: Estisk skil seg frå finsk på same måte som trøndersk skil seg frå norrønt.

Kva lærer vi så av dette? Kanskje det at språk er det same overalt, sjølv om orda er forskjellige.

Trond Trosterud

BALTISK BAKGRUNN

Bonniers forlag i Sverige har sett om til svensk og gitt ut (1992) ei bok med tittelen *Baltisk kultur och historia*. Redaktør er **Mauno Jokipii**.

I vasketelen på omslaget kallar forlaget det for "En synnerligen informativ och stimulerande essäsamling för den som vill fördjupa sina kunnskaper om den historiska och kulturella utvecklingen i de baltiska länderna." Etter lesinga kan ein trygt slutta seg til denne karakteristikken.

Tre historikarar går gjennom baltisk historie, og den siste **Seppo Zetterberg**, fører framstillinga fram til det nye sjølvstendet 1991. Så følgjer omtale av språk og litteratur, og til slutt eit avsluttande kapittel om arkitektur og biletkunst.

Dette er ei bok som ein trygt kan tilrå andre estlands- eller baltikuminteresserte å lesa.

Jan-Ivar Byrkjemoen

NY ROMAN

Under første del av den sovjetiske okkupasjonen flykta mange estiske forfattarar og slo seg ned i utlandet der dei gjerne heldt fram med å skriva på estisk og altså med produksjonen sin er ein del av Estlands litteratur.

Sidan har det vakse fram ein ny forfartargenerasjon som skriv på språket i det nye heimlandet. Frå Sverige kan vi nemna namn som **Käbi Laretei**, **Enel Melberg**, **Peeter Puide**, **Maarja Talgre** og **Mare Kandre**.

Ein roman av Mare Kandre kom i vår ut på Gyldendal Norsk Forlag med tittelen *Aliide, Aliide*. Dette er samtidig namnet på jenta som er hovudperson i boka.

Jan-Ivar Byrkjemoen

IBSENS FØDSELSDAG

Estarane er svært påpasselege med markeringa av fødselsdagar. Derfor gjekk det heller ikkje hus forbi at Henrik Ibsen hadde så rundt tal som 165 år. I høve dagen hadde

Elvi Lumet ein artikkel i avisa *Postimees*. Den var interessant endå om redaksjonen hadde gjort alvorlege inngrep på lengda.

SOS-BARNEBYAR

Den internasjonale organisasjonen SOS-barnebyar har kome eit steg lenger i arbeidet for foreldreause og forsømde estiske barn. 29.4.1993 vart grunnsteinen til den første barnebyen lagd av sosialminister **Marju Lauristin**. Det er dei nordiske avdelingane av organisasjonen som har teke på seg dette prosjektet.

SVENSKANE INVESTERER

Etter at Estland gjenoppretta sjølvstendet, har svenskane investert 890 millionar EEK i landet medan finnane "berre" har investert 294 millionar.

Den språklege likskapen og den geografiske nærleiken har medverka til at dei små finske verksemdene har funne Estland. Medan det er etablert 382 svenske verksemdar, har finnane med mykje mindre investeringar fått i gang 1.856 verksemdar.

Akava, april 1993.

BALTI EKSPRESS

Et hurtigtog mellom Tallinn og Warszawa blir satt i trafikk 22. mai. Det blir avgang fra Tallinn alle dagar klokka 17.10 og ankomst Warszawa neste dag klokka 14.17. På veien stanser toget blant annet i Tartu, Valga, Riga og Vilnius.

På grensa mellom Litauen og Polen går passasjerene over i vogner med europeisk sporvidde. Fra Warszawa er det korrespondende togforbindelse med Berlin, Wien og Paris.

Returen går fra Warszawa klokka 14.32 og når Tallinn neste dag klokka 13.10. Estlands jernbaner (Eesti raudtee) opplyser at "Balti ekspress" kommer til å bestå av fire sovevogner og tre salongvogner. Billettprisen blir ca. 400 estiske kroner, dvs et par hundre norske kroner.

Rahva Hääl 15.2.93

Klipp av og send inn

Til Norsk-estisk kulturlag, Harbitzalléen 24, 0275 Oslo.
Postgiro 0823 0985414.

Eg veit at Norsk-estisk kulturlag arbeider for å spreia kjennskap til estisk språk, kultur og andre tilhøve, og for å styrkja vennskapen og byggja opp allsidige kontaktar mellom det norske og det estiske folket. Eg er klår over at det er eit lag som ikkje lovar medlemmene personlege fordelar, men som tvert om vil ha medlemmer som er villige til å yta noko til beste for laget og dei sakene laget arbeider for. Eg melder meg som aktiv medlem ___/ støtte medlem ___ og betaler medlemspengane (kr 100 for 1993). Ut frå dei opplysningane eg gir om meg sjølv, kan laget kanskje finna eit felt der eg også kan medverka på andre måtar.

Eg er fødd år 19.... Utdanning:

Yrkeserfaring:

Interesser, hobbyar:

Namn:..... Yrkestittel:

Adresse:.....

..... Telefon:.....

Dato:..... Underskrift:.....

UTFLYTTARAR

I 1992 flytta 37.000 menneske frå Estland, først og fremst som ei følge av at landet var blitt sjølvstendig stat på nytt. Same takt er det ikkje i år: første kvartal 1993 flytta 4.400 frå landet, av desse drygt 4.000 til det tidlegare Sovjet.

Rahva Hääl 28.4.1993

TALLINN BLIR MINDRE

Ved årsskiftet var det 456.000 innbyggjarar i Tallinn mot 506.000 eit år tidlegare. Nedgangen kjem seg m.a. av at Maardu (med 15.000 innbyggjarar) og Saue (4.500) ikkje lenger blir rekna til hovudstaden. 22-23.000 har flytta frå byen. Styresmaktene reknar i tillegg med at det er om lag 10.000 som bur i byen utan å ha meldt frå til folkeregisteret.

Rahva Hääl 28.4.1993

MEIR STATISTIKK

Industriproduksjonen i Baltikum viser i første kvartal sterk nedgang samanlikna med tala for i fjor. I Estland 39,8% ned, i Latvia 46,0% og i Litauen 54,4%.

Eksporsten frå Estland auka første kvartal med 26%, importen med 30%. Eksporten var størst til Finland (445 mill), Russland (428), Sverige (202) og Latvia (112). Importen kom i første rekkje frå Russland (457), Finland (430), Sverige (178) og Tyskland (168). Meir enn tredjeparten av handelen var med det tidlegare Sovjet.

Estisk fjernsyn 28.-30.5.1993

FALSKE PENGAR

I Tallinn arresterte politiet 12. april to karar som prøvde å betala i ein butikk med falske hundrekronesetlar. På nokre veker er det meldt om ca. 25 tilfelle der det er prøvd å bruke falske pengar. Falske 100-kronesetlar er utanfor Tallinn også oppdaga i Narva og Võru. I tillegg til estiske 100-kronesetlar er det rapportert om falske 10- og 20-dollarssetlar og svenske 1000-kronesetlar.

Rahva Hääl 12.4.1993

NORDISK
BALTIKUMPROGRAM

Då fristen gjekk ut 1.10.92 var det kome 187 søknader. 160 frå baltarar og 17 frå nordmenn. I samband med Estland vart det gjort følgjande tildelingar:

Estarar til Noreg

Mati Reeben 6 mnd Bioteknologiseret, Universitetet i Oslo.

Formål: Setja seg inn i bruk av teknisk utstyr og vitskaplege metodar som kan leggja grunnlag for oppbygging av eit bioteknologisk fagmiljø i Estland.

Indrek Hanso 3 mnd Nevroradiologisk avd., Ullevål sjukehus, Oslo.

Formål: Studera nevreradiologi og vidareutdanna seg i nevrologiske aspekt ved ryggmargspatologi.

Peep Mühls 4 mnd Filosofisk inst., Universitetet i Bergen.

Formål: Studera norsk utdannings- og forskningsstruktur og finansieringsgrunnlaget for dette i eit demokratisk samfunn.

Viiu Astel 4 mnd Avd. for norsk som framandspråk, Universitetet i Oslo.

Formål: Studera norsk språk og litteratur med sikte på Diplomprøven som kvalifiserer for å undervisa i norsk ved høgare lærestader i utlandet.

Elvi Münt 4 mnd Engelsk institutt, Universitetet i Trondheim.

Formål: Studera pedagogiske metodar for opplæring i engelsk som framandspråk.

Anne Kask 6 mnd Hjereteavdelinga, Ullevål sjukehus, Oslo.

Formål: Spesialisering innanfor eitt av følgjande område: Hjerotelaboratorium eller klinisk arbeid på hjereteavdelinga.

Ahti Tomingas 4 mnd Avd. for norsk som framandspråk, Universitetet i Oslo.

Formål: Studera norsk språk og litteratur med sikte på Diplomprøven som kvalifiserer for å undervisa i norsk ved høgare lærestader i utlandet.

Arno Kõörna 1 mnd NAVFs utredningsinstitutt.

Formål: Komparative studier i forskningspolitikk.

Reservekandidater som denne gongen vart utan tildeling:

Pille Moon Avd. for norsk som fremmedspråk, Univ. i Oslo.

Vappu Vabar Historisk institutt, Univ. i Oslo.

Vidare er det løyvd støtte på kr 30.000 til Humanistisk avdeling ved Agder distrikthøgskole som støtte til ein konferanse ved ADH med ni maritime historikarar og etnologar frå Sjøfartsmuseet i Tallinn.

Nordmenn til Estland

Ivar Otto Iversen

Formål: Oppfølging av prosjektet om

opplæring i nordiske språk i Estland.

Søknadene som kom inn til fristen 1.mars, er gjennomgått og kandidatane innstilte, men nokre formalitetar manglar før resultatet kan offentliggjeras. Neste søknadsfris er som vanleg 1. oktober. Søknadsskjema får ein frå NAVF, Sandakerveien 99, 0483 Oslo, tlf. 22 15 70 12.



□ Eesti sisse- ja väljavedu.

Denne karikaturen fra 1920 illustrerer delvis situasjonen i dagens Estland. Estisk eksport består blant annet av verdifulle råvarer som skog. Esteren selger gjerne sitt siste tre for en import bestående av forbruksvarer og nytingsmidler - i dette tilfellet sjokolade og sigaretter.

VEDTEKTER FOR NORSK-ESTISK KULTURLAG

vedtekne 26.6.1984, reviderte 11.4.1991 og 30.3.92.

1. NAMN

Laget heiter Norsk-estisk kulturlag. Det estiske namnet er *Norra-eesti kultuuriühing*.

2. FORMÅL

Laget skal i Noreg verka for å spreia kjennskap til estisk språk og kultur, og for å fremja vennskapen mellom det norske og det estiske folket.

3. ARBEIDSFELT

Laget vil økonomisk og på anna vis støtta personar, lag og/eller prosjekt som det ut frå paragraf 2 kan vera føremålstenleg å støtta. Det kan f.eks. vera:

- Oppretting av kontaktar mellom norske og estiske einskildpersonar, institusjonar og organisasjonar.
- Utveksling av skule-elevar og studentar.
- Omsetjing og utgiving av estisk litteratur.
- Studium av estisk språk og kultur.
- Kulturarrangement av ymse slag.
- Andre tiltak som fører til forståing og utvida samkvem mellom det norske og det estiske folket.

4. ØKONOMI

Laget får midla sine gjennom:

- Lagspengar.
- Offentlege løyvingar.
- Gåver og liknande.
- Sal av bøker, plater osv., helst med tilknytning til estisk språk og kultur.

Norsk-estisk kulturfond sorterer etter nærare reglar under kulturlaget. Sjå egne vedtekter.

5. MEDLEMSKAP

Einskildpersonar som vil støtta kulturlaget, kan bli medlemmer ved å betala medlemspengar. Organisasjonar, skular o.l. kan bli medlemmer etter søknad. Medlemskapen tek slutt om kontingenten ikkje blir betalt. Styret kan også vedta at medlemskapen tek slutt dersom ein medlem er til skade for kulturlaget og det norsk-estiske samkvemet.

6. ORGANISASJON

I styret skal det vera leiari, nestleiar, skrivari, kasserar og ein styremedlem, som blir valde på årsmøtet. Likeins blir det valt to varamedlemmer til styret. Leiari eller nestleiar kan kalla inn styret med ei veker varsel. Styret godkjenner kontaktpersonar, spesialgrupper og lokallag. Styrevedtak kan også i visse høve gjerast per post eller telefon.

7. ÅRSMØTET

A. Årsmøtet blir halde før utgangen av april kvart år. Styret sender innkalling til årsmøtet minst fire veker i førevegen. Med innkallinga skal det følgja sakliste. Til årsmøtet skal det føreliggja årsmelding, rekneskap, ajourford medlemsliste, retningsgjevande arbeidsprogram, budsjett, eventuelle framlegg til vedtektsendringar og framlegg til medlemmer av styret.

B. Årsmøtet skal m.a.:

- 1 Vedta årsmeldinga og rekneskapen.
- 2 Vedta arbeidsprogrammet og budsjettet.
- 3 Fastsetja medlemskontingent for følgjande år.
- 4 Velja fem medlemmer og to varamedlemmer til styret. Av dei fem faste styremedlemmene kan ikkje fleire enn to skiftast ut kvar gong.
- 5 Velja revisor.

C. Årsmøteprotokollen skal skrivast under av den nyvalde leiaren og to årsmøtedeltakarar som blir valde av årsmøtet. Protokollen blir sendt ut til medlemmene i første utsending etter årsmøtet.

D. Ekstraordinært årsmøte kan innkallast om styret eller ein fjerdepart av medlemmene meiner det er nødvendig.

8. ENDRING AV VEDTEKTENE

Endring av vedtektene kan gjerast på lovleg innkalla årsmøte eller på ekstraordinært årsmøte. Det trengst minst to tredjedels fleirtal.

9. OPPLØYSING AV LAGET

Vedtak om oppløysing av laget kan gjerast på same vilkår som vedtektsendringar. Ved oppløysing av laget skal eventuelle aktiva overførast til eit anna organ i Noreg eller i Estland med tilsvarende målsetjing.

ENDRINGAR AV VEDTEKTENE

Mykje har skjedd sidan Kulturlaget begynte arbeidet for Estland i 1984. No ser me igjen eit stort behov for å revidera vedtektene. M.a. må det

koma betre fram korleis forholdet til dei lokale laga skal vera. Dessutan saknar me ein valkomité osv.

Styret i Kulturlaget ber alle som har gode forslag om å senda dei inn tsnarast råd og helst før midten av juni.

ADRESSELISTA

Telefon- og faksnummer til Estland byrjar no med 095-372-. (Til Latvia 095-371- og til Litauen 095-370-.) Til dette kjem så innanlands retningsnummer (eks. Tallinn 2, Tartu 34, Haapsalu 47, Kuressaare 45, Narva 35, Paide 38, Pärnu 44, Rakvere 32, Rapla 48, Viljandi 43, Võru 41, osv.)

Alle estiske postnummer har fire siffer. Når ein sender post frå utlandet, skal dessutan bokstavane EE førast på framfor postnummeret. Dersom du har notert eit postnummer med seks tal, f.eks. 202400 Tartu, betyr det at du har gammalt nummer, og du kan stryke dei to første av desse tala slik at du står att med EE 2400 Tartu. Framleis kan det vera ein fordel å føya til på konvolutten: via Stockholm, eller via Helsingfors.

Kulturlaget tek ikkje ansvar for eventuelle feil eller endringar i dei opplysningane som er gitt i adresselista.

ADRESSER I ESTLAND

Kgl. Norske Ambassade
Pärnu mnt 8
EE 0001 Tallinn

Ambassadør: Brit Løvseth
Ambassadesekr.: Svein Tobiassen
Tlf. 44 16 80, 44 80 14

Nordisk ministerråds informasjonskontor
(Põhjamaade ministriteenõukogu infobüroo)
Tooli tänav 3, EE 0001 Tallinn

Tlf.: 60 12 38, mobiltlf. 949 354 124
Faks: 44 11 13
Leiar: Leo Salonen, sekr.: Eha Vain
NMT +358-49-207 350

Eesti Instituut
Postkast 3496
Sakala 3
EE 0001 Tallinn

Tlf.: 44 35 55, faks 69 18 77
Leiar: Kaja Tael

Eesti-Norra Selts
adr. og tlf. som for Nordisk ministerråds inf.ktr.

Leiar: Jaak Kangilaski, sekr: Eha Vain

Tartu Norra Selts
Universitas Tartuensise toimetis
Ülikooli 18
EE 2400 Tartu

Leiar: Oddvar Størme
Tlf. 35 180, 35 242

Põhjala-ühing (Foreininga Norden) Leiar: Sven Lindström, sekr. Merle Erm. adr. og tlf. som for Nordisk ministerråds inf.ktr.

Eesti Saami Ühendus
Keele ja kirjanduse instituut
Rosenkrantsi 6
EE 0001 Tallinn

Leiar: Andres Heinapuu

ANDRE ADRESSER

Norsk-estisk studiehjelp postgiro 0824-0295629
Harbitzalléen 24, 0275 Oslo

Estlandsforeningen i Rogaland
v/ Willy Jensen Tlf.: 04 - 57 57 55
Gauselvågen 52, 4032 Gausel

Estlandslaget i Trondheim Leiar: Triinu Wiiburg
v/ Studentutvalget AVH Tlf.: 07 - 59 67 42
Universitetet i Trondheim Kontortid torsd kl 14 - 15
7055 Dragvoll

Den Norske Helsingforskomitéen Tlf.: 22 57 00 70
Boks 8261 Hammersborg Faks: 22 57 00 88
0129 Oslo

SOS-Barnebyer Tlf.: 22 43 71 20
Postboks 2478 Solli Faks: 22 43 73 75
0202 Oslo Generalsekr. Ulf K. Dahl

Kulturlaget Norge-Latvija Tlf. 66 78 26 56, 67 53 19 00
Postboks 5136 Majorstua Leiar: Merethe Kvernød
0302 Oslo

Foreininga Norden Tlf.: 22 50 69 00
Harbitzalléen 24 Faks: 22 73 17 63
0275 Oslo Generalsekr. Harald Løvaas

Tuglas-seura Tlf.: (095-358-0-) 66 96 17
Mariegatan 8 B Faks: (095-358-0-) 66 96 15
SF - 00170 Helsingfors Leiar: Eva Lille

Estlands Ambassade Ambassadør: Arvo-Jürgen Alas
H.C. Andersens Boulevard 38 Tlf.: 095-45- 33 93 34 62
DK - 1553 København V Faks: 095-45- 33 91 30 99

Estlands konsulat Honorær konsul: Arve Røys Stranden
Schwensensgate 5 Tlf.: 22 69 88 73, faks 22 69 99 50
0170 Oslo Tlf.: konsulen privat: 67 12 48 82

Estlands Ambassade Ambassadør: Margus Laidre
Storgatan 38 Tlf. (095-46-8-) 665 65 50
S - 11 455 Stockholm Faks (095-46-8-) 662 99 80

Baltiska Institutet Leiar: Ivo Iliste
Virebergsvägen 18 Tlf. (095-46-8-) 730 0706 el. 730 0708
S - 171 40 Solna Faks (095-46-8-) 730 0709

NORSK-ESTISK KULTURNYTT

Utgivar: Norsk-estisk kulturlag.

Redaktør: Turid Farbregd, Granvågen 14 A 36, SF - 00270 Helsingfors, Finland, Tlf. 095-358-0-477 1 488, faks 095-358-0- 191 25 06.

Korrektur: Gro Eikenes. **Grafisk utforming:** Trond Trosterud.

Frist for stoff til neste nummer: 20.8.1993.

ABONNEMENT kan ein teikna ved å senda inn kr 100 til Norsk-estisk kulturlag, postgirokonto 0823 0985414. Samtidig blir ein medlem i laget. Tidsskriftet kjem ut 4-5 gonger for året.

ANNONSAR kan bestillast hos redaktøren. Det kan også ordnast med særskilt vedlegg til bladet som har eit opplag på 1.200 og går til Estlands-interesserte over heile landet.

REDAKSJONEN tek seg rett til å forkorta innlegg. Dersom ein oppgir kjelde, kan ein fritt kopiera frå Kulturnytt.

NORSK-ESTISK KULTURLAG

Harbitzalléen 24, 0275 Oslo.

Tlf. 22 50 69 00, faks 22 73 17 63.

Postgiro 0823 0985414.

Adresser til styret (valde på årsmøtet 5. mai 1993):

Leiar:	Asbjørn Sætre Halvorsen Kolsåstien 6, 1352 Kolsås	tlf. 67 13 31 90
Nestleiar:	Per Martin Tvengsberg Østre Disen, 2300 Hamar	tlf. 62 52 34 68
Kasserar:	Hans Peter Solheim 2256 Grue Finnskog	tlf. 62 94 55 58
Styremedlem:	Steinar S. Bergseng 2823 Biristrand	tlf. 61 18 47 29
Styremedlem:	Lars Hoff Jens Bjelkesgt. 62 A, 0652 Oslo	tlf. 22 57 08 61
Varamedlem:	Kjell Mørk Karlsen Gabelsgate 1, 0272 Oslo	tlf. 22 44 99 74
Varamedlem:	Finn Kilde Evensen Boks 194, 2301 Hamar	tlf. 62 53 25 00
Konsult.medl.:	Turid Farbregd Granvågen 14 A 36 SF - 00270 Helsingfors, Finland	tlf. +358-0- 477 1 488 faks +358-0- 191 25 06